

## Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv          | ArkivsakID |
|---------------|----------------|------------|
| Ove Sæbø      | FA-U63, TI-&18 | 19/44      |

| Saksnr   | Utvalg        | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 009/2019 | Kommunestyret | PS   | 14.02.2019 |

### Mobryggen drift AS - skjenkeløyve for perioden 14.02.19 - 30.09.20.

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret gjev Mobryggen drift AS skjenkeløyve for perioden 14.02.19 – 30.09.20. For skjenkeløyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Løyvehavar er Mobryggen drift AS, org.nr. 921 827 709.
2. Styrar for løyvet er Vidar Nøttveit. Avsløysar for styrar er Janniche Nøttveit.
3. Løyvet gjeld for kro og fellesareal i 1. høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbygd areal og inngjerda kaiområde i tråd med vedlegg i søknad d. 07.02.19. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming og inngjerding av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vere godkjent av kommunen og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.
4. Skjenketid inne:

Brennevin: alle vekedagar frå kl. 13.00 – 24.00.

Øl og vin: alle vekedagar frå kl. 08.00 – 02.00.

Skjenketid ute:

Brennevin: alle vekedagar frå kl. 13.00 – 24.00.

Øl og vin: alle vekedagar frå kl. 10.00 – 01.00.

Konsum av utskjenka alkohol må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fulgt.
6. Det vert satt som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikke også skal gjevast tilbod om matservering.
7. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fulgt.

Det må gjevast uttale frå politiet som stettar søknaden før løyvet er gyldig

## **Saksopplysningar:**

Mobryggen drift AS overtok drifta av restaurant- og overnattingsstaden «Mobryggja» 05.12.18. Verksemda v/ dagleg leiar Vidar Nøttveit søkjer i samband med dette om skjenkeløyve for øl, vin og brennevin.

### **Bakgrunn**

Nytt driftsselskap og nye eigarar må ha skjenkeløyve gjeve av kommunestyret for å kunne servere alkohol. Søkjar har levert søknad med aktuelle vedlegg. Rådmannen legg til grunn alkohollova, samt «Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 – 2017» i handsaminga av søknaden. I planen er det vist til følgjande i pkt. 2.1 – Allminnelege løyve for skjenking av brennevin, vin og øl kan gjevast til:

- Serveringsverksemdar som er retta mot eit vakse publikum der kommunen meiner staden sin karakter tilseier at skjenking er forsvarleg.
- Skjenkearealet skal gå klart fram av søknaden, også ved evt. søknad om uteservering. Arealet skal vere fysisk avgrensa.

Skjenkeløyve kan gjevast for inntil 4 år om gongen, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyret tiltrer (jfr. Alkohollova § 1-6)

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at søkjar oppfyller vilkår og retningslinjer for skjenkeløyve gjeve av kommunestyret. Det skal gjevast uttale frå sosialtenesta og politiet. I tida mellom søknad vart motteken og handsaming i kommunestyret, vart det ikkje tilstrekkeleg tid til å innhente uttale frå politiet. Eit evt. skjenkeløyve gjeve av kommunestyret er ikkje gyldig før positiv uttale frå politiet ligg føre. Sosialtenesta i Modalen kommune v/ ass. rådmann har ingen merknadar til søknaden.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert gjeve skjenkeløyve til Mobryggen drift AS med dei vilkår som er lista opp.

## **Kommunestyret - 009/2019**

### **KS - behandling:**

Assisterande rådmann orienterte om saka og svarte på spørsmål. Kommunestyret bed om at "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 - 2017" vert revidert i løpet av 2019.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret gjev Mobryggen drift AS skjenkeløyve for perioden 14.02.19 – 30.09.20. For skjenkeløyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Løyvehavar er Mobryggen drift AS, org.nr. 921 827 709.
2. Styrar for løyvet er Vidar Nøttveit. Avsløysar for styrar er Janniche Nøttveit.
3. Løyvet gjeld for kro og fellesareal i 1. høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbygd areal og inngjerda kaiområde i tråd med vedlegg i søknad d. 07.02.19. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming og inngjerding av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vere godkjent av kommunen og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.
4. Skjenketid inne:

Brennevin: alle vekedagar frå kl. 13.00 – 24.00.

Øl og vin: alle vekedagar frå kl. 08.00 – 02.00.

Skjenketid ute:

Brennevin: alle vekedagar frå kl. 13.00 – 24.00.

Øl og vin: alle vekedagar frå kl. 10.00 – 01.00.

Konsum av utskjenka alkohol må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fulgt.
6. Det vert satt som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikke også skal gjevast tilbod om matsservering.
7. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fulgt.

Det må gjevast uttale frå politiet som stettar søknaden før løyvet er gyldig

### **Vedlegg:**

Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve Mobryggen AS

1+SV+\_176024.pdf

1+SV+\_176025.pdf

1+SV+\_176026.pdf